



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Anniken Friis, 5557 2313  
Julie Andersen, 5557 2355

Vår dato  
24.06.2016  
Dykkar dato  
03.02.2016

Vår referanse  
2015/11183 561  
Dykkar referanse  
10/3720

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

### Småkraftpakke i Vaksdal kommune - motsegn til Leirofossen, Steinsedalselvi, Fjellfossen - rår i frå Nonstadgilet kraftverk.

**Tidlegare kraftutbygging gjer det nødvendig å vurdere samla belastning på naturverdiar. Søknadene undervurderer konfliktane knytt til landskap, friluftsliv og biologisk mangfald. Fylkesmannen fremjar motsegn til bygging av Fjellfossen, Leirofossen, Steinsedalselvi kraftverka og rår i frå bygging av Nonstadgilet kraftverk.**

Fylkesmannen viser til høyring på pakke med fire nye småkraftverk i Vaksdal. Vi har fått utsett høyringsfrist til 1. juli 2016.

Sentrale data om kraftverka er samla i tabellen under, saman med Fylkesmannens konklusjonar.

Kraftverk	Årsprod GWh	Røyrgate i meter	Tunnel i meter	Veg i meter	Minstevassføring l/s	Fylkesmannens merknad
Fjellfossen	16,5	600	630	2300	22	Motsegn
Steinsedalselvi	11,6	ja	100 220	750	20	Motsegn
Leirofossen	5,73	ja		750+100	58	Motsegn
Nonstadgilet	9,7	1850		1850	22	Rår frå prosjektet. Vilkår om bygging utan veg

#### Andre kraftverk i området

Søknadene gir kort greie for eksisterande kraftverka i Vaksdal og Eksingedalen. Det største kraftverket er Myster kraftverk (107 MW). Kraftverket har dam og inntak ved Florsfossen nær Nonstadgilet. Det er og to inntak i Mysterelva, ved Leirofossen og nær planlagt felles kraftstasjon for Leirofossen og Steinsedalen. Myster kraftstasjon ligg på Eidslandet.

Andre utbygde kraftverk i inste del av Eidsfjorden og Eksingedalen er Eidslandet 2, Eidslandet minikraftverk, Sørðalselva minikraftverk, Fjellanger minikraftverk, Botnaelva minikraftverk, Lavik kraftverk og Fagerdalen minikraftverk. Eikemo kraftverk har fått konsesjon, men er ikkje bygd.

Det ligg føre fleire søknader som er under handsaming i og rundt Eksingedalen og i Modalen, og Beinheller pumpe og Blyfjellbekken i Stølsheimen. Det er og åtte nye kraftverk i Modalen på høyring.

[Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland \(2009 – 2021\)](#) har følgjande omtale av delområde Modalen - Eksingedalen:

*Modalen – Eksingedalen delområde har eit stort potensial for småkraft. Det er særleg viktig å ta vare på eksponerte fossar langs fjorden og i Mo sentrum. Indre Osterfjord har stor grad av fjordlandskap med urørt preg som er unikt i fylket, og utbygging her vil påverke regionale verdiar. Mykje av vassdragsnaturen er regulert i samband med kraftutbygging, og det vert viktig å ta med i vurdering av sumverknad for området ved nye prosjekt, særleg for område med stor frilufisaktivitet. Elva Ekso har villaks som krev særskild merksemd og spesielle tiltak ved utbygging i vassdraget.*

### **Kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde**

Noreg har eit internasjonalt ansvar for [forvaltning av villreinen](#). Fjellheimen villreinområde er eitt av 23 forvaltningsområde i Sør-Norge. Dei seks kommunane; Voss, Vaksdal, Modalen, Aurland, Vik og Høyanger har i mange år arbeidd med å få fram ein felles kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde. Målet med planarbeidet er å fastsette stamma sine kjerneområde og sikre at villreinen sine krav til livsmiljø vert teken omsyn til i arealforvaltninga. Planforslaget har vore på høyring. Ein vedteken plan vil vere førande for statlege og kommunale styresmakter.

I planen er villreinområdet avsett som omsynssone med følgjande retningsline om kraftutbygging: *Det bør ikkje etablerast nye kraftanlegg eller nye kraftlinetrasear i villreinområdet.*

Inntakspunkta til tre av kraftverka i pakken ligg innafør grensene til villreinområdet.

### **Fjellfossen kraftverk**

For å realisere Fjellfossen kraftverk må det byggjast 2300 meter ny veg inn frå gardane på Myster opp dalsida til dei nedlagte bruca på Leiro. Vegen vil gå vidare bak bygningane fram til kraftstasjonen, som er plassert på kote 340 aust for Leirovatnet. Kraftverket skal ha inntak på kote 750 og nytte eit fall på 410 meter i Fjellfosselva ned til kraftstasjon. Vassvegen vil bli 1230 meter totalt, der 630 meter er tunnel og 600 meter nedgravd røyrgate. Det blir anleggsveg frå kraftstasjonen opp lia til punktet for overgangen til tunnel.

Det er planlagt minstevassføring på 120 l/s om sommaren, og 15 l/s om vinteren.

Inngrepet vil føre til tap og omklassifisering av inngrepsfri naturområde, på 4,1 km<sup>2</sup> og 7,3 km<sup>2</sup>. Konsekvensen er sett til *middels negativ*.

Landskapsendringane som følgje av veg og redusert vassføring er sett til *middels negativ*.

### **Steinsedalselvi kraftverk**

Kraftverket vil nytte eit fall på 478 meter i Steinsedalselvi. Det er planlagd tre inntak på kote 740 og kraftstasjon på kote 262. Frå to av inntaka vil vassvegen gå i tunnel i øvre del, men blir kopla på nedgravd rørgate frå det tredje inntaket lengst i sørvest.

Det skal byggjast 750 meter ny veg frå Myster fram til kraftstasjonen, som blir felles for Steinsedalselvi og Leirofossen kraftverk. 550 meter av vegen er samanfallande med planlagd veg til Fjellfossen kraftverk.

Det er planlagd minstevassføring på 20 l/s heile året.

Verknader for friluftsliv, raudlisteartar, terrestrisk miljø, akvatisk miljø, landskap og urørte naturområde er sett til *ubetydelig* eller *liten negativ*.

### **Leirofossen kraftverk**

Kraftverket vil nytte fallet på 478 meter i Steinsedalselvi og elva frå Leirovatnet. Det er planlagd inntak på kote 326 i begge elvene. Felles kraftstasjon ligg på kote 262. Vassvegen vil bli gravd ned.

Vegbygging vil bli som for Steinsedalselvi, med tillegg av 100 meter veg til inntaket i Steinsedalselvi.

Det er planlagd minstevassføring på 58 l/s heile året.

Verknader for friluftsliv, raudlisteartar, terrestrisk miljø, akvatisk miljø, landskap og urørte naturområde er sett til *ubetydelig* eller *liten negativ*.

Under vurdering av samla belastning diskuterer ein summen av kraftutbygging i Vaksdal. Leirofossen og Steinsedalelva ligg i randsona til eit større fjellområde. Tiltaket vil auke presset på landskap og naturmangfald, men det representerer likevel ingen radikal forverring av desse interessene, ifølgje søkjar. Dei viser til at desse vassdraga representerer *eit gjennomsnitt for høgtliggjande vassdrag i regionen*. Samla belastning er vurdert å vere *middels stor*.

### **Nonstadgilet kraftverk**

Nonstadgilet ligg opp i Eksingedalen, ved Nesvatnet. I kraftverket vil ein nytte eit fall på 530 meter frå inntaket på kote 795 til kraftstasjon på kote 265. Inntaket er lagt ved utløpet av Litle Nonstadgilvatn. Det er og søkt om å overføre vatn frå Store Nonstadgilvatn ved å bygge ein terskel i utløpet av søndre delen av vatnet. Vasstanden vert regulert opp med 20 til 30 cm, og vatnet skal gå i eit overløp, symbolisert ved ein svart strek i figur 3.2 i søknaden.

Heile rørgata på 1850 meter skal gravast ned, og vegen skal følgje denne opp dalsida. Vegen skal kunne nyttast av ATV i driftsperioden.

Utbygginga vil føre til redusert vassføring i elvane ned Nonstadgilet til Storelvi, spesielt frå Store Nonstadgilvatn der det ikkje vil vere noko vassføring i øvre del. Det er planlagt minstevassføring på 22 l/s frå Litle Nonstadgilvatnet, men det er uklårt om dette og gjeld frå

Store Nonstadgilvatnet. Overføringa fører til auka vassføring mellom Søndre, Midtre og Litle Nonstadgilvatn.

Kraftstasjonen er planlagt ved ein landbruksveg som går på sørsida av Storelva frå Florsfossen, nær inntaket til Myster kraftverk.

Utbygginga vil føre til bortfall av større samanhengande naturområde på 4,72 km<sup>2</sup> og omklassifisering av 1,57 km<sup>2</sup>. Nedbørsfeltet og inntakspunkt inngår i Fjellheimen villreinområde. Søknaden viser *middels negativ* konsekvens for fugl og pattedyr, i hovudsak fordi anleggsverksemd kan føre til uroing av villreinen. Konsekvens for landskap er omtala, men ikkje vurdert. Friluftinteressene er vurdert å vere få.

## **Fylkesmannens merknader**

### **Sårbart høgfjell, villrein og større samanhengjande naturområde**

Fylkesmannen viser til føringar om forvaltning av sårbare høgfjell i *Fylkesdelplanen for små kraftverk i Hordaland*. Utbyggingane fører til inngrep i høgfjellsområde som omfattar større samanhengjande naturområde. Fleire av prosjekta fører til tap og fragmentering av desse områda.

Inntakspunkta til Nonstadgilet kraftverk, Fjellfossen kraftverk og Steinsedalelvi kraftverk ligg innafor grensa for Fjellheimen villreinområde og er i strid med forslag til den interkommunale planen for området. Planen skal sikre at forvaltning av viktige areal for villreinen skjer i eit langsiktig perspektiv.

Fylkesmannen vil peike på at vi generelt sett fortsatt har for lite fagkunnskap om den langsiktige verknaden av arealendringar i landet vårt, både når det gjeld naturverdiar, bortfall av areal, fragmentering av område og redusert habitatkvalitet for artar. Fylkesmannen meiner at manglande kunnskap på dette feltet bør vektleggjast meir enn det som er praksis i dag innan energiplanlegginga. Vi bør vise større varsemd med nye utbyggingar der vi ikkje har oversikt over langsiktige verknader på natur.

### **Samla merknader for Fjellfossen, Steinsedalen og Leirofossen kraftverk**

Det ligg to nedlagte gardsbruk på Leiro og 2-3 hytter/hus på Mysterstølen. Det er ein del plantefelt i dalen ovanfor Myster. Det er lagt to bekkeinntak til Myster kraftverk i området.

Steinsedalen er ein trong V-dal som møter elva frå Leirovatnet rett nedafor Leirofossen. Mysterstølen ligg på sørsida av Leirovatnet, mellom på vassdaga.

Dei tre planlagde kraftverka ligg nær kvarandre og i same landskapsrom. Dalføret har fleire markante fossefall, som er godt synleg frå Eidslandet og som gir karakter til området. Fjellfossen øvst, medan Leirofossen og Stigfossen ligg nedafor Leirovatnet. Frå Myster går den gamle ferdsvegen opp til Leiro. Stien har fin steinsetting, og lia har store kvalitetar som turområde, til dømes som dagstur for barnefamiliar. Området framstår i dag som ein opplevingsrik perle med natur- og kulturhistorisk verdi.

Alle utbyggingane vil krevje bygging av veg frå Myster opp til Leiro. Når det gjeld Fjellfossen vil vegen også gå vidare inn dalen forbi bygningane. Lengda på veger vil avhenge av kva for utbyggingar som vert gjennomført.

Alle prosjekta vil føre til ei radikal endring av landskapet, både kvar for seg og samla.

Søknadane inneheld ingen opplysningar om området sin verdi og bruk i lokal eller regional samanheng. Verdien av fossefalla og urørt vassdragsnatur i samband med reiseliv er ikkje omtalt. Det er manglande dokumentasjon og kunnskap om friluftinteressene i utbyggingsområda.

Fylkesmannen meiner NVE bør stille krav om at dette vert dokumentert i område der omsyn til friluftsliv og opplevingsverdi er viktig. Vi viser til metode om kartlegging og verdsetting av friluftinteressene i Miljødirektoratet si handbok M-198 og på nettstaden miljøkommune.no.

I tilfelle Fjellfossen kraftverk skriv søkjar at vegen vil vere positiv for friluftinteressene. Fylkesmannen er usamd i vurderinga. Vi meiner at vegbygging vil fragmentere turområdet og øydeleggje for naturopplevinga i området. Vidare viser søkjar til potensiale for framtidig hyttebygging. Dette er tema som høyrer heime i konsekvensutgreiingar knytt til kommuneplanlegginga, og kan ikkje vektleggjast i ein søknad om kraftutbygging.

I søknadane er kvar utbygging vurdert for seg. Det er ikkje lagt fram kart eller fotomontasjar som viser samla bygging av vegar, inntak, røyr gater, kraftverksbygningar og deponiområde. Vi saknar dette som underlagsmateriale for vurdering av prosjekta i denne småkraftpakka.

Det går ikkje tydeleg fram av søknaden på kva måte bygging av nye kraftverk i dette området vil påverke inntaka til Myster kraftverk. Eksisterande inntak er bygd utan vegframføring, og framstår i hovudsak som punkttingrep. Elva har redusert vassføring, og det er bru over elva. Fylkesmannen saknar opplysningar om dagens vassføringsregime og korleis utbyggingane samla sett vil verke inn på vassdraga.

Vurderingar som ligg føre om friluftsliv og samla belastning på landskap og opplevingsverdi er fagleg sett snever, og etter Fylkesmannens oppfatning lite relevant og opplysnande for konsesjonshandsaminga knytt til dei tre nye kraftverka.

Fylkesmannen meiner det er relevant å vektlegge at dalføre av denne typen har ein eigenverdi som urørt naturområde. Dette er tema som sjeldan vert vektlagt i kraftverkssaker. Vi meiner dette er eit område der slike vurderingar bør ha sin plass.

Generelt vil vi vise til omtale og verdsetting av det aktuelle området i fylkesdelplanen. Her går det fram at områda har stor verdi for tema sårbart høg fjell og fjordlandskap og friluftsliv.

### **Fjellfossen kraftverk**

I søknadane er verknaden av inngrepet på området rundt Leiro og Leirovatnet bagatellisert når det gjeld konsekvensar for landskap, opplevingsverdi og friluftsliv. Tap av vassføring i Fjellfossen og vassdraget elles vil vere stort og merkbart i denne karakteristiske dalbotnen.

Planlagte inngrep i form av veg, røyrgate og kraftstasjon er etter vår vurdering ikkje akseptable.

Inntakspunktet ligg innafor villreinområdet og vil vere i strid med forslag til felles kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde.

Utbygginga vil føre til reduksjon i større inngrepsfri naturområde. Tap av større inngrepsfri naturområde er uheldig, sett i lys av at energisektorene samla sett er ein viktig faktor for utviklinga.

### **Steinsedalen og Leirofossen kraftverk**

Fylkesmannen meiner at søkjar undervurderer verknader på landskap og opplevingsverdi. Røyrgata opp heile Steinsedalen fram til inntak 3 vil gi dramatiske inngrep opp den tronge fjelldalen, også vidare opp fjellsida til inntaket. Etter vår vurdering vil det bli nødvendig med omfattande sprenging for å gjennomføre utbygginga. Også røyrgate frå Leiro, bygging av inntak i høgfjellet, massedeponi, veg over elva nedafor Leirofossen og nytt kraftverk vil i sum føre til ein stor endring av dalføret. Fylkesmannen meiner at søkjar sin vurdering av konsekvensar for landskap ikkje er relevant eller dekkande for dei faktiske verknadene av tiltaka.

Inntakspunkta til Steinsedalselvi kraftverk ligg i villreinområdet og vil vere i strid med forslag til felles kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde.

Foreslåtte avbøtande tiltak er ikkje tilstrekkeleg for dei konfliktpunkta som utbyggingane fører til.

### **Konklusjon for Fjellfossen, Steinsedalen og Leirofossen kraftverk**

Planlagde landskapsinngrep knytt til dei tre kraftverka i Leiro og Steinsedalen vil vere dramatiske. Både kvar for seg og samla sett er utbyggingane for omfattande til at dei bør gjennomførast. I dette området er det rett å vektlegge eigenverdien av landskapet. Søknadane inneheld ikkje relevante opplysningar om opplevingsverdi og friluftsiinteresser i området. Konsekvensar for naturmangfald og landskap er undervurdert.

Søknadene gir ikkje tilstrekkeleg grunnlag for vedtak om kraftutbygging. Ulempene ved utbygging er større enn moglege fordeler for samfunnet. Det er etter vår oppfatning ikkje er grunnlag for å gi konsesjon.

Fylkesmannen fremjar motsegn til bygging av Fjellfossen, Steinsedalen og Leirofossen kraftverk.

### **Nonstadgilet kraftverk**

Omtale av dagens situasjon og situasjonen etter inngrepa er presentert på uklår måte i søknaden, med ufullstendige kart over eksisterande vatn og elvar og ny situasjon. Søknaden har ingen foto av aktuell vassføring etter inngrepet, til dømes i Nonstadgilet og mellom dei fire vatna som blir berørt av utbygginga.

Fylkesmannen meiner utbygginga vil føre til store landskapsinngrep knytt til røyrgate og vegbygging opp den bratte lia. Dette vil gi eit stygt og uønska inngrep i denne del av

Eksingedalen, som i dag er karakterisert som eit natur- og kulturlandskap. Verknader for landskap og opplevingsverdi i området ikkje er konsekvensvurdert i søknaden.

Tiltaket kan gi langsiktige verknader som fører til auka uroing av villrein. Bygginga av røyrgate og veg vil opne for ein annan type ferdsel i området, eit tema som bør vurderast ut frå samla belastning. Utbygginga vil vere i strid med forslag felles kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde. Vidare vil utbygging føre til relativt stor reduksjon i storleik på større urørte naturområde i fjellet mellom Eksingedalen og Teigdalen, med totalt bortfall av 4,72 km<sup>2</sup> og omklassifisering av 1,57 km<sup>2</sup>. Dette er uheldig. Bygging av energianlegg er ein hovudgrunn til reduksjon i slike naturområda om ein ser samla på utviklinga i landet.

Fylkesmannen meiner at søknaden ikkje gir tilstrekkeleg eller relevante opplysningar om planlagde inngrep eller konsekvensar av utbygging for allmenne interesser. Konflikten med landskaps- og opplevingsverdi i dalføret er undervurdert i søknaden. Moglege langsiktige verknader på naturmangfaldet ved tap av større samanhengande naturområde bør vektleggjast.

Fylkesmannen rår i frå bygging av Nonstadgilet kraftverk. Dersom det likevel vert opna for utbygging vil vi rå til at dette skjer med vilkår om bygging utan veg.

Med helsing

Lars Sponheim

Kjell Kvingedal  
miljøvernssjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag	Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN
Vaksdal kommune	Konsul Jebsensgate 16	5722	Dalekvam